



Planprogram

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - Stad kommune



Arkivsak: 20/3222

Vedteke av Stad formannskap 3. september 2020, F-sak 20/110

Innhald

1. Innleiing	2
2. Avgrensing av planinnhald	3
3. Føringar og mål – nasjonalt, regionalt og lokalt	4
3.1. Berekraftig utvikling globalt og lokalt	4
3.2. Nasjonalt regelverk og føringar	5
3.3. Formelle krav til prosess og planinnhald	6
3.4. Den statlege idretts- og friluftslivspolitikken	8
3.5. Regionale føringar	10
3.6. Lokale føringar og forventningar	10
3.6.1. Kommunesamanslåing og grensejustering	10
3.6.2. Tilhøvet til planstrategi og kommuneplan	11
3.6.3. Vedtak Stad kommunestyre 3.6.4.	11
4. Gjennomføring av planarbeidet	15
5.1. Overordna planprosess	15
4.1. Retningslinjer for planarbeid i Stad	16
4.2. Detaljane i planarbeidet og medverknad	17

1. Innleiing

Stad er ein ny kommune, oppretta 1. januar 2020 ved at kommunane Eid og Selje og Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune vart slått saman. Stad kommune har om lag 9 500 innbyggjarar og ligg i Nordfjord i Vestland fylke. Kommunen består av over 30 små og større lokalsamfunn frå storhavet i vest til fjord- og fjellandskap i aust. Plasseringa dannar eit naturleg grunnlag for eit mangfald av idretts- og friluftaktivitetar gjennom heile året. Naturen og interessa for fysisk aktivitet gir også grunnlag for aktivitetsbaserte næringar.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet dannar rammene for den lokale idrettspolitikken, både for organiserte og eigenorganiserte aktivitetar innanfor idrett og friluftsliv.

Kommunedelplanen som no skal utarbeidast blir det første politisk styringsverktøyet for idretts- og friluftslivspolitikken i Stad kommune. Planen vil danne grunnlaget for prioriteringar både for arealbruk, søknads- og spelemiddelordningar og anleggsutvikling i ny kommune. Dette planprogrammet beskriver vegen fram mot endeleg kommunedelplan.

Samfunns målet «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag» skildrar kva samfunn vi ynskjer å skape i ny kommune, og rommar mykje. Mellom anna støyr samfunns målet opp under folkehelselova sine krav om at kommunen skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse.

Kommunen sitt ansvar for folkehelse er beskrive i folkehelselova § 4 og gjeld for heile kommunen si verksemd, ikkje berre helsesektoren. Fem grunnleggjande prinsipp dannar utgangspunktet for folkehelsearbeidet, og viser breidda i folkehelseomgrepet:

- prinsippa om å utjamne sosiale helseskilnadar
- "helse i alt vi gjer" (Health in All Policies)
- bærekraftig utvikling
- føre-var
- medverknad.

Kommunedelplanarbeidet skal stø opp under Noreg sin samla visjon for idrettspolitikken, som er «Idrett og fysisk aktivitet for alle»¹. Planarbeidet skal også stø opp under Vestland fylkeskommune sin visjonen for fagområdet, som er «Fysisk Aktiv Kvar Dag».

Stad kommune skal legge til rette for at alle som ønskjer det har reelle moglegheiter for å utøve organiserte eller eigenorganiserte idretts- og friluftslivsaktivitetar i Stad kvar dag. Dette fordi slik aktivitet er ei kjelde til glede, overskot, fysisk og psykisk mestring, venskap og fellesskap.

Utbrotet av Covid-19 viruset vinteren 2020 har ført til innskrenkingar i både organiserte og eigenorganiserte aktivitetar knytt til både idrett og friluftsliv. Situasjonen er ikkje berre utfordrande for einskildmennesket, men også for alle lag- og organisasjonar og næringar som er bygd opp rundt idrett og friluftsliv. Det er all grunn til å tru at betydinga av fellesskap gjennom fysisk aktivitet, og den einskilde sin fridom til å utøve anten organisert eller eigenorganisert aktivitet, har blitt ein svært tydeleg verdig for den enkelte og for samfunnet vårt.

¹ Meld.St. nr. 26 (2011–2012) Den norske idrettsmodellen. Oslo: Kulturdepartementet, 2012

2. Avgrensing av planinnhald

Kommunedelplanen er avgrensa til å gjelde for idrett og friluftsliv, slik omgrepa blir definert og forstått i Kulturdepartementet si stortingsmelding². Planen utgjere med dette berre eit av fleire strategiske verkty for folkehelsearbeidet i Stad kommune.

Med idrett meiner vi aktivitet i form av trening eller konkurranse i den organiserte idretten.

Friluftsliv blir definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.

Fysisk aktivitet er eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

Eit verkemiddel for å legge til rette for ovannemnde aktivitetar er anleggspolitikken, der spelemiddelordninga er viktig for realiseringa av denne. Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast, vidareutviklast og avviklast. I spelemiddelordninga har Kulturdepartementet delt kategoriane av idrettsanlegg inn slik:

- Nærmiljøanlegg:

Anlegg eller område utandørs for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde.

- Ordinære anlegg:

Ordinære anlegg er anlegg som i hovudsak er knytt til konkurranse- og treningsverksemd for organisert idrettsleg aktivitet.

- Nasjonalanlegg:

Idrettsanlegg som tilfredstiller tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale meisterskap og konkurransar.

² Kulturdepartementets Meld. St. 26 (2011– 2012) Den norske idrettsmodellen og Klima- og miljøverndepartementets St.meld. nr. 39 (20002001) Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet.

3. Føringer og mål – nasjonalt, regionalt og lokalt

Stad kommune skal i sitt planarbeid ta i vare nasjonale, regionale og kommunale interesser og oppgaver. Dette kapittelet gir ei oversikt over dei mest sentrale nasjonale og regionale målsettingar og lovkrav, og relevante lokale føringer for planarbeidet.

3.1. Berekraftig utvikling globalt og lokalt


Noreg har forplikta seg til å oppnå FN sine 17 berekraftsmål. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine.



I kommunedelplanarbeidet vil vi leggje særleg vekt på berekraftsmål nummer 3 om god helse og berekraftsmål nummer 11 om berekraftige byar og samfunn.

At berekraftsmålet er førande kommunedelplan for idrett og friluftsliv nærast sjølvforklarande. At vi samstundes er oppteken av berekraftsmål nummer 11 heng saman med Stad kommune sitt samfunnsmål og folkehelselova sitt prinsipp om «helse i alt vi er». Stad kommune skal vere eit livskraftig og trygt samfunn som fremjar folkehelse. Stadutvikling gjennom både planlegging og gjennomføring av fysiske tiltak er ein måte å nå dette målet på.

Figuren under viser korleis berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i ei berekraftig utvikling: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold.



Figur 2: Dette er ein illustrasjon på at dei økonomiske og sosiale dimensjonane ved berekraft er omkransa av og del av dei miljømessige. Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre

3.2. Nasjonalt regelverk og føringar

Ei rekke nasjonale lover, stortingsmeldingar og retningslinjer gir føringar for kommunedelplanarbeidet for idrett og friluftsliv i Stad kommune.

Det nasjonale ansvaret for idrettspolitikken ligg til Kulturdepartementet, medan fagansvaret for friluftsliv ligg til Klima- og miljødepartementet.

Dei mest sentrale lovene for kommunedelplan for idrett og friluftsliv er:

- Folkehelselova
- Kulturlova
- Friluftslova
- Lov om pengespel
- Friluftslova
- Plan- og bygningslova

Folkehelselova § 4 definerer kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeidet, og seier følgjande:

«Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

Kommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler kommunen er tillagt, herunder ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tjenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige hensyn blir ivaretatt av andre myndigheter og virksomheter. Medvirkning skal skje blant annet gjennom råd, uttalelser, samarbeid og deltagelse i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.»

3.3. Formelle krav til prosess og planinnhald

Plan- og bygningslova gjev føringar for all planlegging etter plan- og bygningslova, og Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal følgje plan- og bygningslova (pbl.) sine reglar for utarbeiding av kommuneplanar.

Kravet om utarbeiding av planprogram for kommunedelplanar går fram av pbl. § 11-13 første ledd, medan pbl. § 4-1 set krav til innhald og høyring av planprogrammet.

Pbl. § 4-1 første og andre ledd lyd slik:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten».

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023». gjev føringar for planlegginga, og utdjupar plan- og bygningslova. Følgjande punkt med utdrag av noko tekstgrunnlag er særleg sentrale for kommunedelplanarbeidet:

- Punkt 3.1 «Styrkt knutepunktsutvikling»:

« Gjennom planlegginga kan det leggjast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet for alle grupper i befolkninga. Kommunane kan hjelpe til ved å gjere det mogleg for befolkninga å sykle og gå meir i dagleglivet med utgangspunkt i kollektivknutepunkta. Barn og unge sitt behov for trygg ferdseil og fysisk aktivitet er viktig ved val av transportløyisingar. Særleg er dei mindre, lokale tiltaka

som gang- og sykkelvegar, utforming av haldeplassar og stasjonar og nærleik til leike- og rekreasjonsareal viktige for kva moglegheiter barn har til å bevege seg trygt i nærmiljøet.»

- Punkt 4.2 «Trygge og helsefremjande»

«Gjennom god arkitektur og planlegging kan fylkeskommunane og kommunane vere med og utvikle gode lokalsamfunn og bustadområde, stimulere til fysisk aktivitet og eit meir helsefremjande miljø. I framtida treng vi byar og tettstader med både urbane og grønne kvalitetar, og med attraktive byrom, møteplassar og uteareal.»

....

«Ferdsløp i grøntområde og naturomgivnader er den enklaste, vanlegaste og mest inkluderande forma for friluftsliv. Sti-, løype- og turruteplanar på tvers av kommunar og fylke bidreg til slikt friluftsliv. Heilskapleg planlegging for eigenorganisert fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, utvikla i god dialog med innbyggjarar, legg grunnlaget for at planane er i tråd med aktivitetsutviklinga og etterspurnaden i befolkninga.»

Barn og unge skal også ha ei «eiga stemme» ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova. Det er eit lovkrav at kvar kommune skal ha ein eigen politisk oppnemnt representant som skal ta i vare barn og unge sine interesser i arbeidet med planlegging. I Stad kommune er det Stad ungdomsråd som har fått denne rolla. Temarettleiaren «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova» blir særleg relevant i arbeidet med ungdomsrådet spesielt og i planarbeidet generelt.

Som ein del av planlegginga etter plan- og bygningslova inngår også kvalitetsreforma «Leve heile livet» og kravet til universell utforming - eller bruk av livsløpsstandard. Stad eldreråd og Stad sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne er viktige medverknadsorgan i høve til å ta i vare eldre og menneske med nedsett funksjonsevne sine interesser i planarbeidet.

Kulturdepartementet har utover dette fastsett eit minstekrav til kva kommunedelplanar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal innehalde. Kommunen må ta omsyn til dette ved utforminga av kommunedelplanen, som etter departementet minimum skal ha følgjande innhald:

- Målsetting for kommunen sin satsing på idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv
- Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt
- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Det skal gjerast greie for samanhengen med andre planar i kommunen
- Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg
- Oversikt over forventade kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg

- Lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg, område for friluftsliv og arealbehov for planlagde anlegg og friluftslivsområder bør gå fram av relevante kunnskapsgrunnlag

Utover dette er det ikkje fastsett formelle krav til planutforming. Dette betyr at kommunen kan velje om ein vil utarbeide ein eigen temaplan for området eller la målsettingar og føringar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet inngå i ein større overordna plan.

Stad kommune er inne i ein periode der det skal utarbeidast fleire overordna planar og strategiske dokument på relativt kort tid. Det er då viktig å legge til rette for oversiktlige planprosessar og gode kunnskapsgrunnlag i kvart planarbeid. Stad kommune vel i denne planperioden difor å utarbeide ein eigen kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Vurderinga er at dette vil gjere det enklare å setje fokus på dei tema som planarbeidet tar opp, og med dette legge betre til rette for involvering og medverknad. På sikt er det naturleg å vurdere om kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet bør inngå i ein kommunedelplan saman med strategi for stadutvikling og reiseliv.

3.4. Den statlege idretts- og friluftslivspolitikken

Idrettsmeldinga «Den norske idrettsmodellen» frå 2012 held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er «idrett og fysisk aktivitet for alle»³. Det overordna nasjonale målet er å legge til rette for at alle som ønskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Følgjande overordna mål er sett for idrettspolitikken:

1. Alle skal ha mulighet til å drive idrett og fysisk aktivitet i form av trening og mosjon.
2. Den frivillige, medlemsbaserte idretten skal sikrast gode rammevilkår for å gi grunnlag for eit omfattande og inkluderande aktivitetstilbod. Det blir lagt særlig vekt på å utvikle attraktive tilbod til barn og ungdom.
3. Samfunnet skal vere godt tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet.

³ Meld.St. nr. 26 (2011–2012) Den norske idrettsmodellen. Oslo: Kulturdepartementet, 2012

4. Toppidretten skal styrkast ut frå dens rolle som identitetsskapar og dens bidrag til en positiv prestasjonskultur i det norske samfunn.

Stortingsmeldinga «Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet»⁴ omfattar tiltak og føringar innanfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av område for friluftsliv. Friluftsliv i nærmiljøet skal prioriterast, slik at alle kan delta. Meldinga inneheld også blant anna tiltak og føringar for å ivareta areal for friluftsliv i fjellområde med stort utbyggingspress.

Den statlige friluftslivspolitikken har følgjande fire mål:

1. Alle skal ha muligheit til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselskapande og miljøvennlig aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
2. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir tatt vare på.
3. Allemannsretten skal haldast i hevd.
4. Planlegging i kommunar, fylker og regionar skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv og skape helsefremjande, trivselskapande og miljøvennlige nærmiljø.

Miljødirektoratet sin rettleiar om «Kartlegging og verdsetting av Friluftslivsområder»⁵ dannar grunnlaget for Stad kommune sitt kartleggingsarbeid.

Lovverk og statlege meldingar er også førande for anleggsutviklinga og kommunalt planarbeid. Lov om pengespel fordeler overskotet frå Norsk Tipping med 64% til idrettsføremål, 18% til kulturføremål og 18% til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Vestland fylkeskommune har fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i fylket. Meir detaljerte føresegner blir gitt i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» utgitt av Kulturdepartementet kvart år. Stad kommune skal rette seg etter desse føresegnene i sitt arbeid med kommunedelplanen med tilhøyrande handlingsdel.

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2029 følgjer opp norske forpliktingar overfor Verdens helseorganisasjon (WHO) og FNs bærekraftsmål. Handlingsplanen gir også oversikt over statlige tiltak og virkemidlar som kan bidra til at dagens samfunn samla sett blir tilstrekkelig aktivitetsvennlig. Planen skal vidare understøtte kommunesektoren sitt ansvar og oppgåver som samfunnsutviklar, planmynde, verksemdelgjar, tenesteytar og arbeidsgjevar i arbeid for eit mer aktivitetsvennlig samfunn. Handlingsplanen skal leggst til grunn i det vidare planarbeidet.

⁴ Meld. St. 18 (2015–2016) Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet

⁵ Rettleiar M98-2013

3.5. Regionale føringar

Vestland fylkeskommune sin visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er «Fysisk Aktiv Kvar Dag».

Vestland fylkeskommune har peika ut anleggsutviklinga som eit av dei viktigaste verkemiddela for å nå visjonen. Dette blir følgt opp gjennom dokumentet «Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024».

Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø. Anleggsutviklinga skal også bidra til å skape attraktive lokalsamfunn.

Fylkeskommunen peikar på at formålet med anleggspolitikken er å byggje dei “riktige” anlegga og at ressursane vert nytta meir målretta. Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024 byggjer på vedteken politikk forankra i:

- Regional plan for kultur 2019-2027 for Sogn og Fjordane
- Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland

Fylkeskommunen har sett følgjande delmål for anleggsutviklinga:

1. Eit variert tilbod av anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø.
2. Eit variert tilbod av anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar.
3. Utvikle anlegg som tilfredsstillir særiddrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap.

Utkast til Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 er lagt ut til høyring og offentleg ettersyn. Dette blir den overordna planen for Vestland dei neste fire åra, og vil også leggje føringar for kommunedelplanarbeidet. Utviklingsplanen byggjer mellom anna på følgjande kunnskapsgrunnlag:

- Statistikk og utviklingstrekk i Vestland
- Ungdata, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks

3.6. Lokale føringar og forventningar

3.6.1. Kommunesamanslåing og grensejustering

Stad kommune er ein ny, samanslått kommune. Det går fram av inndelingslova § 13 at kommunedelplanane for Eid og Selje, og Vågsøy sin for Bryggja sin del, vil gjelde for vedkomande område inntil dei blir endra. Planarbeidet inneber at Stad kommune no får ein samla kommunedelplan for idrett og friluftsliv.



3.6.2. Tilhøvet til planstrategi og kommuneplan

Planstrategi for Stad kommune vart vedteke av Stad kommunestyre i møte 13. desember 2020, k-sak 19/058. Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er der vedtatt med planoppstart i 2021. Kommunedirektøren tilrår at arbeidet vert starta opp i 2020. Departementet krev at kvar kommune skal ha godkjent ein kommunedelplan for idrett og friluftsliv for å for å kunne få tildelt spelemidlar til anlegg, og det er handlingsdelen som danner grunnlaget for kva anlegg det kan søkjast om spelemidlar for. Denne handlingsdelen må rullerast kvart år, og det er ynskjeleg å sjå dette arbeidet i samanheng med eit pågåande planarbeid på området. Politiske vedtak i enkeltsaker, reguleringsplanarbeid og arbeidet med ny arealplan gjer det også naturleg å starte planprosessen allereie i 2020.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal støtte opp under arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Utkast til samfunnsdel for Stad kommune ligg føre, og skal i følge planen leggest ut til offentlig ettersyn og høyring i juni. Utkast til planprogram for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal ha same høyringsperiode.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal bygge opp under samfunnsdelen sitt verdigrunnlag. Samfunnsdelen sin visjon skal gi inspirasjon og strategiane skal gi retning for kommuneplanarbeidet.

Det skal i planprosessen gjennomførast ei kartlegging av friluftsområda i Stad kommune. Dette dokumentet vil gje føringar for seinare arealbruk fastsett i ny arealdel for stad kommune.

Planarbeidet for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal elles ta omsyn til pågåande planarbeid med kommunedelplan for veg og trafikktryggleik.

3.6.3. Vedtak Stad kommunestyre 3.6.4.

Kommunestyret i Stad har gjort ulike vedtak som påverkar planarbeidet i større og mindre grad. Dei mest sentrale vedtaka vert gjort greie for under her, og er på kvar sin måte kopla mo folkehelselova sine fem nemnde grunnleggande prinsipp om:

- prinsippa om å utjamne sosiale helseskilnadar

- "helse i alt vi gjer" (Health in All Policies)
- bærekraftig utvikling
- føre-var
- medverknad

Stad kommunestyre handsama i møte 13. desember 2019 årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023. I sak 19/067 vart det gjort vedtak knytt til driftsbudsjett som får føringar for arbeidet med kommunedelplanen. Mellom anna:

«2. Det blir sett av 50.000 kroner til å redusere eigenbetaling for idrett og kultur for born i familiar med dårleg økonomi frå skuleåret 2020/21, t d gjennom innføring av ei ordning med fritidskort. Det skal leggast fram eiga sak om dette i løpet av 1. halvår 2020.

Aktuelle verbalframlegg:

«a. Opprusting av uteområdet på Nordfjordeid skule skal prioriterast innanfor avsett ramme til «uteområde/ leikeplassar» i 2020, men føresetnad om at det i samarbeid med FAU blir laga ein heilskapleg finansieringsplan der både spelemidlar, dugnadsinnsats og kommunal løyving inngår, jmf vedtak i F-sak 48/19 i Eid kommune».

«c. Det skal igangsetjast arbeid med ein Handlingsplan mot barnefattigdom i Stad kommune i 2020.»

Stad kommunestyre gjorde i møte 13. desember 2019. sak 19/051, vidare eit vedtak om å delta i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prosjekt knytt til kartlegging og verdsetjing av friluftsområde.

Vedtaket lyd som følgjer:

«Kommunestyret vedtek oppstart av kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med saksframlegget».

Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2020. Det er utarbeidd eigen prosjektplan for arbeidet, som vert utført i dialog med Vestland fylkeskommune. Det skal leggast opp til ein eigen høyringsprosess for arbeidet.

I møte 6. februar 2020, k-sak 21/20, vart det gjort følgjande vedtak knytt til idrettsanlegg i Selje:

«1. Plan for rehabilitering av symjebasseng og garderobar ved Selje skule vert førebels sett på vent.

2. Det vert innan 31.05.2020 utarbeidd avtale og plan for sikring av at elevane ved skulane i tidlegare Selje kommune vert sikra tilfredstillande symjeopplæring. For skulane i tidlegare Selje kommune vert ansvaret for å forhandle fram desse avtalane frå og med starten av komande skuleår 2020/21 lagt til kommunalsjefnivå.

3. Det vert gjennomført ei enkel opprustning av garderobane ved Selje skule innanfor

ein kostnad på kr 1.000.000,- eks mva.

4. Det vert utarbeidd rom- og funksjonsprogram med kostnadsoverslag og, evt skisser for symjebasseng, og fleirbrukshall i nærleiken av Selje skule. Brukarane (elevar/skule, idrettsorganisasjonane, m.fl) skal vere involvert i prosessen.

5. Det vert søkt etter samarbeidspartar, som kan vere interessert i eit samarbeid om realisering av symjebasseng i Selje. Resultat av drøftingar mv., samt økonomiske, administrative- og organisasjonsmessige konsekvensar skal vurderast.

6. Utgreiing etter pkt 4 og 5 skal leggast fram for Stad kommunestyre seinast 29.oktober 2020.

7. Kostnader etter pkt 3, 4 og 5 vert dekt over prosjekt 4503 Symjebasseng + garderobe Selje skule.

8. Det vert framlagt ein statusrapport for prosjektet på kommunestyret i juni 2020».

I kommunestyremøte 7. mai, sak 20/056, vart det vidare gjort vedtak om innmelding i Fjordane friluftsråd:

«KS- 20/056 Vedtak: 1. Stad kommune melder seg inn i Fjordane Friluftsråd. 2. Kommunedirektøren skal kome tilbake med informasjon om kostnader og finansiering for 2020.»

Kommunedelplanen vil legge føringar for samarbeidet om friluftsliv mellom kommunen og friluftsrådet.

I tillegg til vedtaka frå Stad kommunestyre, ligg det også vedtak til oppfølging frå dei tidlegare kommunane Eid og Selje. Eit vedtak som må særskilt nemnast er vedtak i Eid kommunestyre hausten 2019, om gjennomføring av ein forstudie knytt til etablering av fotballhall på Nordfjordeid. Fotballhallen er frå Eid IL v/fotballgruppa si side ønskt plassert i skule- og idrettsområdet i Nordfjordeid sentrum. Det er sett ned ei prosjektgruppe, men prosjektet vart sett ytterlegare på vent som følgje av Covid19-situasjonen.

3.6.4. Tilhøvet til aktuelle, lokale strategiske planar

Fellesnemnd for Eid og Selje utarbeidde i samanslåingsperioden tre strategiske dokument med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag for den nye kommunen:

- Strategi for stadutvikling
- Reiselivsstrategi
- Strategi for næring

Strategi for stadutvikling blir eit sentralt grunnlagsdokument i arbeidet med kommunedelplanen. Planen er utarbeidd etter ei brei kartleggings- og intervjurunde hos bygde- og utviklingslaga i den nye kommunen, og etter folkemøte og arbeidsverkstad i ni krinsar. I arbeidet har ein hatt fokus på å kartlegge behov for gjennomføring av mindre tiltak knytt til m.a. eigenorganiserte aktivitetar for idrett og friluftsliv i dei ulike stadane i Stad.

Det vart i etterkant av høyringsarbeidet fastsett seks strategiar for stadutvikling i Stad. Under har vi utheva tre særleg viktige strategiar for det vidare arbeidet med kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:

- Samarbeid og fleirkjernestruktur i Nordfjord
- Formidle stadkvalitet, identitet og historia til stadane – spesielt kyst- og fjordkultur
- **Utvikle løysingar for fleirfunksjonsbygg**
- Transportløysingar som bind kommunen effektivt saman trygt og effektivt (sjø og land)
- **Setje bygdene i stad til utvikling i eigen regi**
- **Enkle og konkrete stadutviklingstiltak**

Gjennomføring av både små og store idrettsarrangement er ein viktig arena for fysisk aktivitet, idrettsglede, sosialt samvær og dugnadsånd. Dei er også viktige inntektskjelder for lag- og organisasjonar innanfor idrett og friluftsliv. I tillegg til dette er arrangement viktige for handels- og besøksnæringane i Stad, og dermed ein viktig del av reiselivet i Stad. Kommunedelplanarbeidet må difor også ta omsyn til reiselivsstrategien for Stad kommune.

Under har vi utheva to særleg viktige strategiar i det vidare planarbeidet:

- Etablere ei reiselivsklyngje med samarbeid i verdikjeda som hovudmål
- Ta ein posisjon som ein nasjonal og internasjonal kulturdestinasjon
- **Ta ein posisjon som ein aktiv familiedestinasjon**
- **Digital og fysisk informasjon om reisemålet (kart, skilting, merking)**
- Profesjonell marknadsføring av reisemålet
- Marknadstilpassing inn mot cruiseturisme

4. Gjennomføring av planarbeidet

Arbeidet med kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal organiserast som eit prosjekt i samsvar med Stad kommune sine retningslinjer for prosjektarbeid.

Det skal i kommunedelplanen fastsetjast eigne mål og strategiar konkret for idrett og friluftsliv, men følgjande effekt- og resultatmål målet er sett for planarbeidet.

Effektmål

- Innbyggjarane i Stad har eit reelle moglegheiter for å utøve organisert og uorganisert idrett og friluftsliv kvar dag.
- Stad kommune fører ein føreseieleg politikk for idrett og friluftsliv basert på kunnskap og samarbeid med aktørane.

Resultatmål

- Stad kommune har ein godkjent og oppdatert kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

5.1. Overordna planprosess

Den overordna planprosessen for kommunedelplanen støttar opp under dei krav som er fastsett i plan- og bygningslova (pbl.):

- Pbl. § 11-12: Oppstart av arbeid med kommunedelplan
- Pbl. § 11-13: Utarbeiding av planprogram
- Pbl. § 11-14: Høyring av planforslag
- Pbl. § 11-15: Vedtak av kommunedelplan

Vi har laga eit utkast til framdriftsplan basert på den politiske møtekalendaren til Stad kommune. Det er forventa at planperioden vil vare frå juni 2020 til januar 2021. Det er lagt opp til ein effektiv planprosess ut frå det formål å snarast mogleg få etablert felles mål og strategiar for idrett og friluftsliv i ny kommune. Planprosessen skal legge til rette for drøfting av retningslinjer for prioritering av spelemiddelsøknadar for komande søknadsperioden.

Eit sentralt råd som ikkje går fram av møteplanen til Stad, er Stad idrettsråd. Stad idrettsråd skal delta gjennom alle fasane i planarbeidet.

Periode	Aktivitet	Organ
Juni 2020	Vedtak om oppstart av kommunedelplan for idrett og friluftsliv. Vedtak om høyring/ ettersyn av planprogram	Gjennomgang: Råd og utval i Stad Avgjerslemynde: Stad formannskap
Juni – august 2020	Høyring/offentleg ettersyn av planprogram	
August – september 2020	Vedtak av planprogram	Gjennomgang: Råd og utval i Stad Avgjerslemynde: Stad formannskap
juni – november 2020	Arbeidsperiode kommunedelplan idrett og friluftsliv	
November	Høyring/offentleg ettersyn av kommunedelplan for idrett og friluftsliv	Gjennomgang: Råd og utval i Stad Avgjerslemynde: Stad formannskap
Januar – februar 2021	Vedtak av kommunedelplan for idrett og friluftsliv	Gjennomgang: Råd og utval i Stad Avgjerslemynde: Stad kommunestyre

4.1. Retningslinjer for planarbeid i Stad

Planstrategien for Stad kommune gjev felles retningslinjer for planarbeidet i Stad kommune som organisasjon. Her er eit utdrag frå retningslinjene, som gir føringar for planoppsett, interessentkartlegging og medverknad.

«... Planarbeidet bør ha ei god oppbygging

- del 1 med kartlegging av status, utviklingstrekk, behov og utfordringar
- del 2 med delmål, satsingsområde og tiltak

Plandokumenta må vere enkle å forstå.

Det er viktig at planane heng saman med kommuneplanen sin samfunnsdel som den overordna planen. I planane må også kommunen si rolle i vidare arbeid definerast. Formålet med dette er å sikre at planane vert følgt opp i praksis.

Ved utarbeiding av planar skal det gjerast ei vurdering av kva aktørar som må vere med for å bidra med relevant kunnskap om behov, utviklingstekk og status, og kva aktørar som må vere med for å bidra til realisering av tiltak. Ulike aktørar bidreg med ulike perspektiv. Formålet med å la aktuelle aktørar delta i planarbeidet er å oppnå ein koordinert innsats der fleire aktørar samhandlar for å oppnå felles mål om ønska samfunnsutvikling.

Planarbeidet skal nærme seg tema med eit vidsyn, der ein set innbyggaren eller brukaren av ei teneste i fokus og tenker utanfor tradisjonelle sektorar.

Planprosessar og vedtekne planar skal vere lett tilgjengelege via Stad kommune si heimeside, slik at aktørar i lokalsamfunnet kan følgje med og vere kjent med kommunen sine planar.»

4.2. Detaljane i planarbeidet og medverknad

Planprogrammet gir rammer for planarbeidet, og vi ynskjer å legge opp til ein planprosess som går ut over reglane om medverknad i plan- og bygningslova. Samskaping, samhandling og samarbeid er sentrale, overordna stikkord for medverknadsprosessen.

Vi ser for oss å dele planarbeidet inn i følgjande fasar:

- Fase 0. Utarbeiding og høyring av planprogram for kommunedelplan for idrett og friluftsliv
- Fase 1. Utarbeide kunnskapsgrunnlag
- Fase 2. Utarbeide kommunedelplan for idrett og friluftsliv
- Fase 3. Høyring av kommunedelplan for idrett, friluftsliv
- Fase 4. Vidare planarbeid basert på høyringsinnspel og framlegging av kommunedelplan for vedtak

Fase 0. Utarbeiding og høyring av planprogram for kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Aktivitetar utover plan- og bygningslova sine reglar:

- Særskild involvering av Stad ungdomsråd som representant for barn og unge i planlegging etter plan- og bygningslova.
- Møte med Stad idrettsråd.
- Dialog om planoppstart med Vestland fylkeskommune og andre særleg relevante lag- og organisasjonar innanfor idrett og friluftsliv.
- Informasjon og involvering gjennom spørjeundersøking og bruk av sosiale mediar m.m.

Fase 1. Utarbeide kunnskapsgrunnlag

Aktivitet som grunnlag for utarbeiding av kunnskapsgrunnlag:

- Gjennomgang av høyringsinnspel til planprogram for kommunedelplan for idrett og friluftsliv.
- Gjennomgang av eksisterande kommunedelplanar for idrett og friluftsliv med kunnskapsgrunnlag.
- Gjennomgang av Stad kommune si oversikt over folkehelsa og påverknadsfaktorar.
- Gjennomgang av anleggsregisteret for Stad kommune.
- Kartlegging av verdifulle friluftsområde i Stad.
- Møte med Stad idrettsråd og andre sentrale lag- og organisasjonar.
- Involvering av Stad ungdomsråd som representant for barn og unge i planlegging.
- Avklare bruken av FN sine berekraftsmål i arbeidet med idrett og friluftsliv.

Fase 2. Utarbeide kommunedelplan for idrett og friluftsliv

- Høyring av kartleggingsrapport for verdifulle friluftsområde i Stad
- Møte og dialog med Stad idrettsråd, Fjordande friluftsråd, Forum for friluftsliv, Vestland fylke, idrettskrinsen og andre relevante lag- og organisasjonar innanfor idrett og friluftsliv
- Gjennomføring av spørjeundersøking
- Involvering av Stad ungdomsråd som representant for barn og unge i planlegging

Fase 3. Høring av kommunedelplan for idrett, friluftsliv

- Særskild involvering av Stad ungdomsråd som representant for barn og unge.
- Møte med Stad idrettsråd.
- Dialog andre særleg relevante lag- og organisasjonar.
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldrerådet skal også involverast i arbeidet med planen.

Fase 4. Vidare planarbeid basert på høyringsinnspel og framlegging av kommunedelplan for vedtak

- Gjennomgang av høyringsinnspel.
- Godkjenning av kommunedelplan.